

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 03.03.2010 Kl. 1230 - 1530
Møtestad: Sola Strand Hotel

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Leiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Gisle Handeland	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Nils P Støyva	Medlem
Gro Skartveit	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem

Forfall frå styret

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Kommunikasjondirektør Bjørg Sandal
Eigardirektør Ivar Eriksen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Torunn Nilsen referent

Sakliste

- | | |
|----------|---|
| 028/10 B | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| 029/10 B | Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 03.02.2010 |
| 030/10 O | Administrerande direktør si orientering |
| 031/10 B | Rapportering frå verksemda per januar 2010 |
| 032/10 B | Gjennomgang av helseføretaka sine budsjett for 2010 – vurdering av risiko |
| 033/10 B | Årleg melding for 2009 |
| 034/10 B | Styringsdokument 2010 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS |
| 035/10 B | Eventuelt |

Presentasjon av Helse Vest IKT ved Erik M. Hansen

Administrerande direktør i Helse Vest IKT AS presenterte Helse Vest IKT AS med fokus på:
Økonomisk utvikling
Kundesenteret
Felles EPJ
Meldingsløftet
IKT-tryggleik
Prioriterte område i 2010

Lysark ligg ved

028/10 B Godkjenning av innkalling og dagsorden**Oppsummering:**Forfall:

Det var ingen forfall til møtet

Følgjande dokument var delt ut i møte:

Til sak 030/10 O AD si orientering – Notat til nytt pkt 6 – Bestilling 2010 – private ideelle institusjonar innan somatikk og psykisk helsevern – Notatet er u. off. Offl. § 23, 1. ledd

Til sak 033/10 B Notat – Ad Styresak 033/10 B Årlig melding for 2009 – Korrigering

Til sak 033/10 B Notat – Ad Styresak 034/10 B Styringsdokument 2010 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS - Korrigering

Styreleiar orienterte om følgjande endring i saklista:

Det lukka notatet til sak 030/10 O AD si orientering 6 – Bestilling 2010 – private ideelle institusjonar innan somatikk og psykisk helsevern blir behandla til sist i møtet

Spørje om nokon har kommentarar til innkalling og dagsorden.

Eventuelt:

Følgjande saker blei meldt til eventuelt:
Styret si handtering av val av nye styre i helseføretaka (OA)
Strategiprosessen i Helse Førde HF (ON)
Møte med Helse- og omsorgskomiteen (ON)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

029/10 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 03.02.2010

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 3. februar 2010.

030/10 O Administrerande direktør si orientering

Ope del:

1. **Bruk av korridorplassar i Helse Stavanger**
I veke 1 – 3 har det vore om lag 40 korridorpasientar innan somatisk behandling i Helse Stavanger. I veke 3 – 8 har snittet vore 27 korridorpasientar. I psykiatrien har det vore 1-2 korridorpasientar i denne perioden.
2. **Bruk av korridorplassar innan psykisk helsevern i Helse Bergen**
Det har ikkje vore korridorpasientar i psykisk helsevern i Helse Bergen i denne perioden.
3. **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**
Adminstrasjonen viste til utsendt notat.
4. **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker**
Adminstrasjonen viste til utsendt notat.
5. **Oversikt over aktuelle høyringar**
Adminstrasjonen viste til utsendt notat.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

031/10 B Rapportering frå verksemda per januar 2010

Oppsummering:

Aktivitetsrapporteringa blir påverka av at ein berre samanliknar aktivitet for to månader i 2009 og 2010 og det er derfor for tidleg å kunne sei noko sikkert om den forventa

aktivitetsutviklinga. Sjølv små endringar i absolutte tal kan gje store prosentvise endringar. Ventetidsutviklinga per januar 2009 viser at dei gjennomsnittlege ventetidene i hovudsak er lågare enn for eit år sidan innan dei tre fagområda. Vidare er ventetidene i gjennomsnitt kortast for dei prioriterte pasientane, både for ventande og behandla pasientar. Epikrisetidene held seg framleis stabile rundt 75 % innan psykisk helsevern og rett rundt 60 % innan somatikken.

Resultatet pr januar er pluss kr 18,4 mill som er kr 4,4 mill därlegare enn budsjettet. Helse Fonna og Helse Bergen var i budsjettmessig balanse ved utgangen av 2009 og har derfor ikkje utarbeida ordinær tiltakspakke. Helse Stavanger og Førde rapporterer ei realisert omstilling i tråd med plan. Samla sett er driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg men Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover.

Sjukefråværet for føretaksgruppa gjekk ned frå 7,9 % i november til 6,6 % i desember. Sjukemeldt sjukefråvær gjekk ned frå 6,5 % i november til 5,6 % i desember. Tal einingar som har eit lågare sjukefråvær enn 4,5 % er stabilt på om lag 55,1 %. Netto månadsverk for føretaksgruppa pr januar viser ein nedgang på 194 netto månadsverk målt mot desember 2009 og ein auke på 140 netto månadsverk målt mot januar 2009. Timar som blir utbetalt på feil månad er betydeleg redusert for januar 2010 i høve til januar 2009.

Omdømmemålinga for januar månad viser at tiltrua til tenesta oppnår det beste samla resultatet som er registrert sidan vi starta denne typen omdømmemåling.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok rapportering frå verksemda per 31. januar 2010 til etterretning.

032/10 B Gjennomgang av helseføretaka sine budsjett for 2010 – vurdering av risiko

Oppsummering:

Utfordningsbiletet til dei fire helseføretaka varierer, og det blir difor vurdert som naudsynt å differensiera oppfølginga som må gjerast i høve til risiko. For Helse Førde sin del vurderer ein risikoen i budsjetttopplegget framleis som så høg at det er naudsynt å be Helse Førde om å identifisera ytterlegare omstillingstiltak tilsvarende kr 20 mill i 2010. Tiltaka kan sjåast i samanheng med den pågående strategiprosessen i Helse Førde.

Helse Stavanger var heller ikkje i balanse i 2009. På den andre sida er det identifisert tiltak tilsvarende kr 69 mill. Føresett at realiseringsgraden på tiltaka blir høg, har difor administrerande direktør på noverande tidspunkt vurdert det slik at Helse Stavanger får fokusera på dei allereie identifiserte tiltaka, men at ein må sørge for at det er kartlagt moglege tiltak dersom drifta i 2010 utviklar seg i feil retning.

For Helse Fonna og Helse Bergen er det også viktig å sørge for å ha beredskap, og sikre at ein har planar som kan setjast i verk dersom utviklinga i dei første månadene går i feil retning i høve til det som er føresett i budsjetta.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest tok orienteringa om risiko i HF-budsjetta til etterretning, og ba om at det einskilde føretak tek følgjande grep for å minska risikoen i budsjetta for 2010:

- 1) Budsjett mål for 2010 for Helse Førde ligg fast, og Helse Førde HF må identifisere tiltak for kr 20 mill for å sikre at budsjettmålet blir nådd i 2010. Tiltaka kan sjåast i samanheng med den pågående strategiprosessen i Helse Førde.
- 2) Helse Stavanger HF, Helse Fonna HF og Helse Bergen HF må sørge for å ha beredskap som gjer det mogleg å setje i verk korrigerande tiltak umiddelbart dersom utviklinga i 2010 tilseier at dei økonomiske resultatkrava ikkje vert nådd.

033/10 B Årleg melding for 2009

Oppsummering:

Helseføretakslova § 34 og vedtekten for Helse Vest RHF § 15 slår fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneheld styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Meldinga frå Helse Vest RHF til Helse- og omsorgsdepartementet er ein del av eit samanhengande plan- og meldingssystem. Systemet skal gi departementet grunnlag for arbeidet med statsbudsjettet og oppdragsdokumentet for neste år. I årleg melding rapporterer Helse Vest på korleis dei krav og føringar som Helse- og omsorgsdepartementet har formidla gjennom oppdragsdokument og føretaksmøtet er følgd opp. Gjennom årleg melding får departementet eit grunnlag for å vurdere om dei helsepolitiske mål som er sett er innfridd.

Siste kulepunkt på side 54 i utkastet til årleg melding har følgjande ordlyd:

- *Helse Vest RHF skal i samarbeid med fylkeskommunane ta hand om etablering av tilstrekkeleg mange læreplassar innanfor helsefagutdanninga. Det skal rapporterast om talet på læreplassar i ambulansearbeidarutdanninga og i helsefagarbeidarutdanninga i årleg melding.*

I rapporteringa heiter det vidare:

Helseføretaka har eit godt samarbeid med dei aktuelle fylkeskommunane og kommunar for å sikre dette. Det er godt lagt til rette for at helsefagarbeidrarar får praksis ved sjukehusa i føretaka.

Helse Fonna inngjeikk i august 2008 avtale med 7 kommunar i Haugesundsområdet. I tråd med denne avtalen tek Haugesund og Stord sjukehus imot 16 lærlingar om gangen for en periode på 4 månader med sjukehuspraksis. I løpet av 2009 har 32 lærlingar gjennomført sjukehuspraksis. Odda sjukehus blir nytta som praksisopplæring for 1-2 lærlingar om gangen.

Helse Bergen har gjennomført pilotar med helsefaglærlingar hausten 2008 og våren 2009. Det er oppretta læreplassar i Helse Bergen for helsefaglærlingar med 3 eller 6 månaders læretid. Det er etablert eit godt samarbeid med nærliggande kommunar for å sikre regionen tilstrekkelig kompetanse og volum innan desse utdanningsområda, og forpliktande samarbeidsavtaler med kommunar som tilsetter lærlingar er inngått.

Talet på læreplassar i ambulanseutdanning er totalt i Helse Vest på 67 i 2009.

Talet på læreplassar i helsefagarbeidarutdanninga er totalt i Helse Vest på 106 i 2009.

Administrerande direktør rår til at følgjande blir tatt inn som nytt fjerde og femte avsnitt:

Helse Stavanger har etablert eit eige opplæringskontor i føretaket, og det er eit godt samarbeid med fylkeskommunen. Helse Stavanger har pr januar 2010 70 lærlingar fordelt på 47 helsefaglærlingar, 12 ambulanselærlingar og 1 lærling logistikk.

Helse Førde har utdanning av helsepersonell som ei høgt prioritert kjerneoppgåver og i høve til storleiken på føretaket har Helse Førde svært mange elevar og studentgrupper inne i praksisperiodar (ca 500).

Styret ba om ei tilbakemelding når det gjeld talet på 6 barn født av kvinner i LAR-behandling på eit av dei første styremøta.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjende forslag til årleg melding for 2009 med dei endringane som kom fram i møtet, og oversender meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet.
2. Styret tok årleg melding 2009 frå regionalt brukarutval i Helse Vest til orientering.

034/10 B Styringsdokument 2010 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS

Oppsummering:

Styringsbodskapen for 2010 blir formidla til helseføretaka og Helse Vest IKT gjennom styringsdokumenta. Styringsdokumenta inneheld overordna signal om blant anna bruk av midlar og om prioriteringar innan dei fire hovudoppgåvene pasientbehandling, undervising, forsking og pasientopplæring. I tillegg inneheld dokumentet økonomiske og organisatoriske krav.

Etter utsending av stypesakene til styremøtet 3. mars har administrasjonen motteke innspel frå helseføretaka til forbetringar i kap 8 Rapportering (Kap 7 for Apoteka Vest HF og Kap 5 for Helse Vest IKT AS). Med bakgrunn i innspela blir det gjort framlegg om følgjande endringar:

Under punktet **Tertiarrapportering** blir det gjort følgjande endring:

Ny anna setning: "Mal for denne rapportering vil bli utarbeidd av Helse Vest RHF."

Under punktet **Årleg melding** anna avsnitt blir det gjort følgjande endring:

I anna setning tilføyes "2011" til slutt i setninga.

Ny fjerde setning: "Det skal rapporterast på alle krav i styringsdokumentet".
Opphavleg fjerde setning blir ny femte setning.

I tillegg vil administrerande direktør rá til at følgjande formulering blir tatt inn som ny nest siste setning i pkt 2.1. tredje avsnitt (gjeld ikkje for Apoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS):

"Dette og for å sikre at planlagde investeringar kan gjennomførast i helseføretaka".

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2010 til Helse Førde HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 03.03.2010.
2. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2010 til Helse Bergen HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 03.03.2010.
3. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2010 til Helse Fonna HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 03.03.2010.
4. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2010 til Helse Stavanger HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 03.03.2010.
5. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2010 til Apoteka Vest HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 03.03.2010.
6. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2010 til Helse Vest IKT AS i samsvar med forslaget lagt fram for styret 03.03.2010.

035/10 B Eventuelt

Styret si handtering av val av nye styre i helseføretaka (OA)

Styret var samde om at styresak om val av nye styremedlemmer i underliggjande helseføretak ikkje bør bli behandla i telefonmøte. Styret ønskte ein ny gjennomgang av prosessen før neste gang det skal gjerast endringar i HF-styra, og ba om eit notat om prosessen til eit seinare møte

Strategiprosessen i Helse Førde HF (ON)

Styret blei oppdatert på status i strategiprosessen i Helse Førde HF.

Møte med Helse- og omsorgskomiteen (ON)

Styret inviterar Helse- og omsorgskomiteen til felles heildagsmøte 7. september.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 04.02.10 Rapportering frå verksemda – Helse Vest "Rapportering per desember 2009"
- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 02.02.10 "Ivaretaking av pasientrettar – spørsmål om rutinar og praksis"
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 28.01.10 "Påminnelse om helseforetakenes plikter etter helselovgivningen og de regionale helseforetakenes sørge for ansvar"
- Kopi av brev frå HOD til Aleris Helse AS, dagsett 27.01.10 "Søknad om sykehusgodkjenning – Aleris Helse AS, Stavanger"

- Kopi av brev fra Helsetilsynet i Hordaland til Askøy Blå Kors klinikk, dagsett 15.02.10 "Oversending av rapport frå tilsyn med Askøy Blå Kors klinikk, skjerma eining, 11. desember 2009 – 21. januar 2010"
- Kopi av brev fra Helsetilsynet i Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 12.02.10 "Invitasjon til møte – Tilhøva ved Ungdomsavdeling for psykisk helsevern (UPH), Helse Førde HF"
- Kopi av brev fra Helsetilsynet i Sogn og Fjordane, dagsett 03.02.10 "Tilhøva ved Ungdomsavdeling for psykisk helsevern (UPH), Helse Førde HF"
- Kopi av brev fra Helsetilsynet i Rogaland til Frelsesarmeens behandlingssenter, dagsett 29.01.10 "Tilsyn med bruk av kontrolltiltak ved Frelsesarmeens behandlingssenter i Stavanger"
- Protokoll frå møtet i Regionalt Brukarutval i Helse Vest RHF 02. desember 2009
- Brev frå Riksrevisjonen til Stavanger Universitets-sjukehus, dagsett 10.02.10 "Gevinstrealisering knyttet til bygging av akuttavdeling MOBA" Uts.Off.
- Brev frå Riksrevisjonen til HOD HF, dagsett 28.01.10 "Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper i 2009" Uts.Off.

Administrasjonen oppsummerte frå møte med Helsetilsynet om tilsynsrapport frå Askøy Blå Kors klinikk og tilsynsrapport frå Ungdomsavdeling for psykisk helsevern (UPH) i Helse Førde HF. Styret la vekt på at avvika er alvorlege og presiserte at Helse Vest må ha ei tett oppfølging for å sikre at avvik blir lukka innan dei fristar som er sett.

Lukka del

Møtet var lukka jf Offl. § 23, 1. ledd

030/10 O Administrerande direktør si orientering

6. Bestilling 2010 – private ideelle institusjonar innan somatikk og psykisk helsevern

Med bakgrunn i avtalane Helse Vest RHF har med dei private ideelle institusjonane innan somatikk og psykisk helsevern blir det kvart år gitt ein bestilling. Forut for bestillinga blir det gjennomført eit drøftingsmøte med kvar av institusjonane. Det blir også bedt om skriftlege innspel til desse drøftingsmøta.

For 2010 er det gjennomført drøftingsmøte med institusjonane og bestilling for 2010 skal utformast.

Bestillinga vil omfatte nasjonale og regionale føringar, omfang av tenester og økonomisk vederlag for tenestene.

Hovudprinsippa for bestillinga var gjort greie for i utdelt notat.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok utsendt notat til orientering.

Ref. Torunn Nilsen

03.03.2010

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Ohene Aboagye

Gunnar Berge

Gerd Dvergsdal

Gisle Handeland

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Nils P Støyva

Helge Espelid

Lise Karin Strømme

Aslaug Husa

Reidun Nyborg Johansen